

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 121/2004**

av 24. september 2004

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 68/2004 av 4. mai 2004(¹).
- 2) Kommisjonsvedtak 2004/11/EF av 18. desember 2003 om fastsettjing av nærmare reglar for samanliknande fellesskapsforsøk med og fellesskapsanalysar av frø og økslingsmateriale av visse planteartar til jordbruksføremål og visse grønsakartar og vinstokkar som er nemnde i rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 68/193/EØF, 92/33/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF, for åra 2004 og 2005(²), skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2004/57/EF av 23. desember 2003 om vidareføring i 2004 av dei samanliknande fellesskapsforsøka med og fellesskapsanalysane av frø og økslingsmateriale av *Graminae*, *Triticum aestivum*, *Brassica napus* og *Allium ascalonicum* i medhald av rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 68/193/EØF, 92/33/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF som tok til i 2003(³), skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2004/266/EF av 17. mars 2004 om løyve til å påføre pakningar med frø frå fôrvekstrar dei opplysningsane som er fastsette, på ein slik måte at dei ikkje kan slettast(⁴), skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2004/287/EF av 24. mars 2004 om mellombels marknadsføring av visse frø frå artane *Vicia faba* og *Glycine max* som ikkje stettar krava i høvesvis rådsdirektiv 66/401/EØF eller 2002/57/EF(⁵), skal takast inn i avtala.

(¹) TEU L 227 av 26.8.2004, s. 187, og EØS-tillegget til TEU nr. 43 av 26.8.2004, s. 168.

(²) TEU L 3 av 7.1.2004, s. 38.

(³) TEU L 12 av 17.1.2004, s. 49.

(⁴) TEU L 83 av 20.3.2004, s. 23.

(⁵) TEU L 91 av 30.3.2004, s. 56.

- 6) Kommisjonsvedtak 2004/329/EF av 6. april 2004 om mellombels marknadsføring av visse frø frå arten *Glycine max* som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 2002/57/EF(⁶), skal takast inn i avtala.
- 7) Vedtak 2004/266/EF opphevar kommisjonsvedtak 87/309/EØF av 2. juni 1987(⁷), som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I vedlegg I kapittel III del 2 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 27 (kommisjonsvedtak 2003/795/EF) skal nytt nr. 28 til 32 lyde:
 - ”28. **32004 D 0011**: Kommisjonsvedtak 204/11/EF av 18. desember 2003 om fastsetjing av nærmare reglar for samanliknande fellesskapsforsøk med og fellesskapsanalysar av frø og økslingsmateriale av visse planteartar til jordbruksføremål og visse grønsakartar og vinstokkar som er nemnde i rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 68/193/EØF, 92/33/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF, for åra 2004 og 2005 (EUT L 3 av 7.1.2004, s. 38).
 29. **32004 D 0057**: Kommisjonsvedtak 2004/57/EF av 23. desember 2003 om vidareføring i 2004 av dei samanliknande fellesskapsforsøka med og fellesskapsanalysane av frø og økslingsmateriale av *Graminae*, *Triticum aestivum*, *Brassica napus* og *Allium ascalonicum* i medhald av rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 68/193/EØF, 92/33/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF som tok til i 2003 (EUT L 12 av 17.1.2004, s. 49).
 30. **32004 D 0266**: Kommisjonsvedtak 2004/266/EF av 17. mars 2004 om løyve til å påføre pakningar med frø frå fôrvekstrar dei opplysningane som er fastsette, på ein slik måte at dei ikkje kan slettast (EUT L 83 av 20.3.2004, s. 23).
 31. **32004 D 0287**: Kommisjonsvedtak 2004/287/EF av 24. mars 2004 om mellombels marknadsføring av visse frø frå artane *Vicia faba* og *Glycine max* som ikkje stettar krava i høvesvis rådsdirektiv 66/401/EØF eller 2002/57/EF (EUT L 91 av 30.3.2004, s. 56).
 32. **32004 D 0329**: Kommisjonsvedtak 2004/329/EF av 6. april 2004 om mellombels marknadsføring av visse frø frå arten *Glycine max* som ikkje stettar krava i rådsdirektiv 2002/57/EF (EUT L 104 av 8.4.2004, s. 133).”

(⁶) TEU L 104 av 8.4.2004, s. 133.

(⁷) TEF L 155 av 16.6.1987, s. 26.

2. Teksta i nr. 5 (kommisjonsvedtak 87/309/EØF) vert oppheva.

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2004/11/EU, 2004/57/EU, 2004/266/EU, 2004/287/EU og 2004/329/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 25. september 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 24. september 2004.

*For EØS-komiteen
Formann*

Kjartan Jóhannsson

Sekretærar for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.